

Lindås kommune

Landbrukssjefen

Os, den 30.06.2015

Telefon

+47 56 57 00 70

Fax

+47 56 57 00 71

E-postadresse

post@abo-ark.no

Webadresse

www.abo-ark.no

Postadresse

Postboks 291, 5203 Os

Besøksadresse

Hamnevegen 53, 5200 Os

GJERVIKFLATEN – GNR. 188, BR.5.

SØKNAD OM FORLENGA MIDLERTIDIG OMDISPONERING AV LANDBRUKSAREAL FOR PLASSERING AV LAGERHALL FOR SØDERSTRØM BLOMSTER OG HAGESENTER AS.

Viser til mellombels løyve datert 07.10.2013 til omdisponering av landbruksareal på gnr. 188, bnr. 5, Gjervik i Lindås kommune. Kommunen sitt mellombels løyve til oppføring av lagerhall gjeld for 2 år – det vil sei fram til 31.08.2015. Søknaden om mellombels løyve vart i si tid sendt med bakgrunn i at kommunedelplanen for Knarvik – Alversund skulle rullerast i perioden 2013 – 2015. Dette arbeidet har enno ikkje kome i gang. Kommunen har i brev datert 20.03.2015 signalisert at arbeidet med kommunedelplanen vil starte no i 2015 og Plan- og miljøutvalet vil truleg gje føringar for dette arbeidet i møte no før summerferien. Grunneigaren, Søderstrøm blomster og hagesenter AS, har alt gjeve innspel på at arealet kor lagerhallen står i dag, vert omdisponert frå LNF til byggetomt for nytt hagesenter sidan noverande tomteleige sentralt i Knarvik går ut om kort tid og kommunen har andre planar for bruk av dette sentrale arealet.

Søderstrøm blomster og hagesenter har hatt stor nytte av lagerhallen på Gjervikflaten og søker no om forlenging av mellombels løyve for at hallen kan bli ståande i nye 2 år eller fram til arealdisponeringa av arealet på Gjervikflaten er avklara gjennom kommunedelplanrulleringa som no skal starta opp.

Vi ber om løyve frå Landbrukssjefen for forlenga omdisponering av landbruksarealet i nye 2 år eller til arealspørsmålet er avklara slik dette er omtala ovanfor. Vi ber om at svar på dette vert sendt byggesaksavdelinga i Lindås kommune direkte med kopi til underteikna sidan søknaden om forlenging løyve for lagerhallen alt er sendt Lindås kommune. Vi vonar på eit snarleg svar.

Med venleg helsing
ABO Plan & Arkitektur



Bjørn-Atle Drange
Ansvarleg søkjar

Kopi sendt: Lindås kommune, byggesaksavdelinga
KT og OPI INVEST AS, levegen 211, 5917 Rosslund.